

## Erfaringsdeling Giske kommune



**DELINGSSKJEMA FOR LÆRAR**

LÆRAR: Trond, Astri

**START**

Skriv kort om i kva samanheng ein gjorde opplegget/aktiviteten. Kva var det ein ville prøve ut i forhold til vurdering:

Skriving av forteljing i norsk, elevane var med på å lage kriterier for utforming av ei god forteljing

**Mi forteljing:**

Elevane kom med innspel, lærarane laga ut frå det eit strukturert skjema. Elevane brukte dette skjemaet undervegs i skriveprosessen. Elevane skreiv to og to, dei fekk utdelt eit bilete dei skulle skrive ut ifrå. Elevane vurderte seg sjølve undervegs ved å bruke stjerne/delta. (Sjå skjema nedst på dokumentet). Etter kvart som arbeidet skreid fram, kom det fleire og fleire stjerner, noko som gav elevane inspirasjon og meistringskjensle.

Skjemaet vart ein inspirasjon i seg sjølv, då elevane syntest det var kjekt å få krysse av ting dei hadde gjort.

**Kva lærte eg?**

Ved å ha tydelege kriterier vart det enklare å vurdere arbeidet i etterkant. Elevane tok mot konstruktive tilbakemeldingar når dei hadde konkrete kriterier dei skulle fylgje.

**Mitt tips**

Lærar må følgje nøye opp at elevane ikkje set stjerne for fort, men må arbeide nøye med stoffet før dei er ferdige. Elevane må få ei innføring i tanken om at delta er ei «halv stjerne» og på veg til å verte ei heil stjerne.

Giske kommune om sitt arbeid med den nasjonale satsingen Vurdering for læring.

FILM | SIST ENDRET: 20.04.2016

Innlegget ble holdt for deltakerne i pulje 7 i satsingen Vurdering for læring, mars 2016. [Presentasjonen fra innlegget finner du her.](#)

